

**Rapport**

**Oppfølging av minoritetsspråklege barn i  
Stranda kommune**

mai 2019



## **Forord**

Denne rapporten er gjennomført på oppdrag frå kontrollutvalet i Stranda kommune, som vedtok prosjektplan 12. februar 2019. Det vart då fatta følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet igangsetjar arbeidet med forvaltningsrevisjonen: «Oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune», i følgje prosjektplan.*

Prosjektet innehold førebuingar, utarbeiding av problemstillingar, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data, utarbeiding av rapport og kvalitetssikring.

Kontaktperson i kommunen har vore kommunalsjef for oppvekst, og kommunerevisjonen vil takke kontaktperson og alle som har delteke i arbeidet for godt samarbeid i forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Undersøkinga er gjennomført i tråd med standard for forvaltningsrevisjon.

Eit startmøte med kommunalsjef på oppvekst vart gjennomført 3. januar 2019.

Eit høyringsutkast av rapporten vart sendt på høyring til rådmannen i tråd med praksis 3. mai 2019.

Kommunerevisjonen fekk rådmannen sine merknader den 15. mai 2019. Naudsynte korrigeringar som følgje av desse merknadane er innarbeidd i rapporten.

Ålesund, 21. mai 2019

Kurt Anders Løvoll  
oppdragsansvarleg revisor

Lillian Reder Kristoffersen  
prosjektansvarleg revisor



# Innhold

1.	Samandrag .....	6
1.1	Bakgrunn og bestilling .....	6
1.2	Metode .....	6
1.3	Problemstilling 1 og revisjonskriterier .....	6
1.4	Problemstilling 2 og revisjonskriterier .....	7
1.5	Problemstilling 3 og revisjonskriterier .....	7
2.	Innleiing .....	9
2.1	Bakgrunn og bestilling .....	9
2.2	Problemstillingar og avgrensinger.....	9
2.3	Metode og gjennomføring .....	10
2.4	Revisjonskriterier .....	11
2.5	Definisjonar .....	12
3.	Overgang frå barnehage til skule .....	13
3.1	Innleiing.....	13
3.2	Problemstilling: .....	16
3.3	Revisjonskriterier .....	16
3.4	Faktagrunnlag.....	16
3.5	Vurderingar .....	25
4.	Vedtak om særskilt norskopplæring.....	27
4.1	Problemstilling .....	27
4.2	Revisjonskriterier .....	27
4.3	Faktagrunnlag.....	27
4.4	Vurdering.....	28
5.	Morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring .....	30
5.1	Problemstilling .....	30
5.2	Revisjonskriterier .....	30
5.3	Faktagrunnlag.....	30
5.4	Vurderingar .....	33
6.	Konklusjonar og tilrådingar .....	34
7.	Kjelder.....	36
8.	Vedlegg .....	38



# 1. Samandrag

## 1.1 Bakgrunn og bestilling

Kontrollutvalet i Stranda kommune vedtok å bestille ein forvaltningsrevisjon frå kommunerevisjonen 15. november 2018 i KU-sak 22/18. I vedtaket går det fram at tema skulle vere ein gjennomgang av «oppfølging av minoritetsspråklege barn i kommunen. Det vart særleg peika på at det er ein stor del minoritetsspråklege barn både i skular og barnehagar i Stranda kommune. Prosjektplan for prosjektet vart vedtatt 2.februar 2019 i KU-sak 02/19.

## 1.2 Metode

For å kunne sjå nærare på problemstillingane i denne rapporten nytta kommunerevisjonen metodane:

- Spørjeskjema
- Telefonintervju
- Ansikt til ansikt intervju
- Dokumentanalyse

Opplysningane er henta frå styrarane i 4 barnehagar med minoritetsspråklege barn, leiande helsesjukepleiar (helsesøster), 2 rektorar på barneskular som har minoritetsspråklege elevar, 8 lærarar og 2 spesialpedagogar som undervise dei minoritetsspråklege elevane på den eine skulen.

## 1.3 Problemstilling 1 og revisjonskriterier

### 1) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å sikre at det blir ein god overgang mellom barnehage og skule for minoritetsspråklege barn?

Kommunen skal ha system og rutinar som sikrar at:

- o minoritetsspråklege barn får moglegheit til å få vurdert sin språkutvikling av barnehagepedagog og helsesøster, og at dette arbeidet blir dokumentert.
- o minoritetsspråklege barn under opplæringspliktig alder med språkvanskars, får spesialpedagogisk hjelpe til å utvikle og lære språklege ferdigheter.
- o barnehagane i Stranda kommune samarbeider med barneskulen om barna sin overgang frå barnehage til skule.
- o samarbeidet bidrar til at barna får ein trygg og god overgang.

### 1.3.1 Funn

Helsestasjonen og barnehagane vurderer språkutviklinga til dei minoritetsspråklege barna og arbeidet blir dokumentert. Dei har ikkje utarbeidd eigne retningslinjer for dette arbeidet, men legg til grunn Rammeplan for barnehagar. Helsestasjonen, barnehagane og PPT kontoret har rutine på å følge opp og gi spesialpedagogisk hjelpe til minoritetsspråklege barn med språkvanskars. Helsestasjonen har ikkje utarbeidd eigne retningslinjer for korleis dei skal følgje opp barn med språkvanskars. Kommunen har utarbeidd retningslinjer for korleis dei skal arbeide med barna sin overgang frå barnehage til skule. Skulane og barnehagane er nøgde med samarbeidet om overgangen og har innarbeidde rutinar på denne prosessen. Dei private barnehagane er ikkje så nøgde som dei kommunale barnehagane.

### 1.3.2 Tilrådingar

- Kommunen bør vurdere å utarbeide rutinar som kvalitetssikrar at Forskrift om Rammeplan for barnehagen blir følgd.
- Helsestasjonen bør vurdere å utarbeide eigne retningsliner for vurdering av språkutvikling til dei minoritetsspråklege barna, og om praktisk handtering vidare ved oppdaging av barn med behov for spesialpedagogisk hjelp.
- Kommunen bør vurdere å få til eit møte mellom dei private barnehagane og Ringstad skule for å få til eit enda betre samarbeid om overgang frå barnehage til skulen.

## 1.4 Problemstilling 2 og revisjonskriterier

### 2) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å kartlegge elevane sine kunnskapar i norsk?

Det skal vere system og rutinar som sikrar at:

- skulen kartlegg kva dugaik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring.

### 1.4.1 Funn

Skulane har rutine på å ha mottaksmøte med nye minoritetsspråklege elevar og deira foreldre. Der fyller dei ut mottaksskjema med opplysningar om blant anna eleven sin kompetanse i språk og fag. Når dei nye minoritetsspråklege elevane kjem og ikkje kan noko norsk, så ser dei ut ifrå opplysningsane at dei må ha særskild norskopplæring. Kommunen har ikkje utarbeidd eigne retningsliner for korleis dei tilsette skal gå fram når minoritetsspråklege barn kjem til skulen for første gong. Ringstad skule som har 70 minoritetsspråklege elevar og har ein liten administrasjon, opplever stor arbeidsmengde ved mottak av minoritetsspråklege elevar og familiene deira. Skulen opplever at dei er første instans og må rettleie familien i korleis dei skal gå fram med ulike praktiske ting, som ny i kommunen. Dei tilsette ved skulen ynskjer at kommunen skal utarbeide eit betre apparat for å ta imot desse familiene. Dei meiner det er gode idear til dette ved å sjå på andre kommunar som allereie har etablert eit mottaksapparat.

### 1.4.2 Tilrådingar

- Kommunen bør vurdere å utarbeide retningsliner for korleis skulane skal ta i mot nye minoritetsspråklege elevar, og på kva måte dei skal kartlegge språkkunnen til desse.
- Kommunen bør eventuelt vurdere ei form for avlastning for Ringstad skule som opplever at dei er første instans for mange minoritetsspråklege familiar som kjem til kommunen.

## 1.5 Problemstilling 3 og revisjonskriterier

### 3) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for elever medrett til særskilt norskopplæring ?

Det skal vere system og rutinar som sikrar at elevar med rett til særskilt norskopplæring

- blir kartlagt i høve om dei treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring.

- får norskferdighetene kartlagt jamleg.

### **1.5.1 Funn**

Skulane har rutine på å kartlegge om dei minoritetsspråklege elevane treng opplæring i morsmålet og/eller tospråkleg fagopplæring, når dei fyller ut «Mottaksskjema» under mottakssamtalen.

Kommunen har ikkje utarbeidd eigne retningsliner med krav til at skulen skal kartlegge om dei treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg opplæring.

Skulane kan ikkje gje opplæring i alle dei mange ulike morsmåla som det kunne vore behov for meir opplæring i. Det er heller ingen skular i nærleiken som kan gje morsmålsopplæring eller tospråkleg opplæring i dei språka. Skulane i Stranda kommune innfrir krava til lovverket (opplæringslova § 2-8. 3.ledd), som seier at:» *når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonalet, skal kommunen så langt som mogleg leggje til rette for anna opplæring som er tilpassa føresetnadene til elevane.*»

Dei to skulane har etablert rutine på å kartleggje norskferdighetene til alle elevar i lesing og skriving i norsk frå 1. til 4. klasse.

Skulane har innarbeidd rutine på å jamleg kartleggje norskferdighetene til dei minoritetsspråklege elevane som har fått enkeltvedtak på særskild norskopplæring.

Kommunen har utarbeidd retningsliner for vurderingspraksis, som er til alle skulane i Stranda kommune. Den seier at det skal gjennomførast vurderingar kvart halvår.

### **1.5.2 Tilrådingar**

- Kommunen bør vurdere å utarbeide retningsliner som seier at skulane skal kartleggje om elevane treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring og undersøkje moglegheitene for å kunne gje slik opplæring.
- Kommunen bør vurdere å utarbeide retningsliner som seier korleis skulane skal organisere opplæringa om dei ikkje kan gje opplæring i dei ulike morsmåla.

## 2. Innleiing

Denne rapporten dokumenterer vår gjennomgang av «Oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune».

### 2.1 Bakgrunn og bestilling

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte til å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

Forvaltningsrevisjon er ein av dei lovpålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gitt av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på vurdering av risiko.

Kontrollutvalet avgjer på kva måte kommunen skal nytte ressursane som er løyvd til forvaltningsrevisjon, og kommunerevisjonen skal gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i samsvar med faglege krav.

Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensingar og tilnærming.

Forvaltningsrevisjon gir kontrollutvalet høve til å fordjupe seg i ulike sakstilhøve, innan alle verksemdsområde i kommunen. Forvaltningsrevisjon vil difor kunne vere nyttig både for utvalet si kontrollverksemd, og for internkontrollen og forbettingsarbeidet i kommunen.

I sak 22/18 15. november 2018 vedtok kontrollutvalet i Stranda kommune å bestille ein forvaltningsrevisjon frå kommunerevisjonen. I vedtaket går det fram at tema skulle vere ein gjennomgang av «oppfølging av minoritetsspråklege barn i kommunen. Det vart særleg peika på at det er ein stor del minoritetsspråklege barn både i skular og barnehagar i Stranda kommune. Prosjektplan for prosjektet vart vedtatt 2.februar 2019 i KU-sak 02/19.

### 2.2 Problemstillingar og avgrensingar

Føremålet med dette prosjektet, er å kartlegge korleis Stranda kommune er som tenesteleverandør overfor dei minoritetsspråklege barna som bor i kommunen. I budsjettet er det nemnt at kommunen har ei utfording knytt til språkopplæring og tilpassa undervisning for minoritetsspråklege elevar.

Følgjande problemstillingar vart valt til prosjektet:

- 1) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å sikre at det blir ein god overgang mellom barnehage og skule for minoritetsspråklege barn?
- 2) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å kartlegge elevane sine kunnskapar i norsk?
- 3) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for elever medrett til særskilt norskopplæring for å:
  - Kartlegge om elevane treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring?
  - Sikre at norskferdighetene blir kartlagt jamleg?

#### Avgrensingar

Dette forvaltningsrevisjonsprosjektet er avgrensa til å undersøke kommunen si oppfølging av språkutviklinga til dei minoritetsspråklege barna. Undersøkinga er avgrensa til å omfatte barn under skulepliktig alder og elevane i barneskulen i 1. til 7. klasse. Prosjektet omfattar ikkje andre vanskar eller diagnosar som måtte trenge spesialtilpassa oppfølging.

Det var ønskeleg at denne rapporten skulle innhente opplysningar frå foreldra til dei minoritetsspråklege barna. Etter nærmere undersøking måtte kommunerevisjonen avgrense dette prosjektet til ikkje å omfatte intervju med foreldra. Tilsette i kommunen som er intervjua opplyste at foreldra ikkje kan tilstrekkeleg norsk eller engelsk til at vi kan gjennomføre intervju utan tolk. Kommunerevisjonen såg at kostnadane ved å nytte tolk ikkje ville veie tungt nok i forhold til nytten av svara vi ville få. For å følgje standard for forvaltningsrevisjon er det også heilt nødvendig at dei spurde verifiserer våre referat. Det lar seg heller ikkje enkelt gjere om dei ikkje kan norsk eller engelsk godt nok.

## 2.3 Metode og gjennomføring

Undersøkinga baserer seg på Norges Kommunerevisorforbund (NKRF), sin standard for forvaltningsrevisjon. I følgje RSK 001- pkt. 26 er det problemstillinga som er styrande for korleis metodar bør nyttast i prosjektet. For å kunne belyse problemstillinga i denne rapporten nytta kommunerevisjonen metodane: Spørreskjema, telefonintervju, ansikt til ansikt intervju, dokumentanalyse og observasjon.

Opplysninga er henta inn frå: kommunalsjef for oppvekst, rektorar, lærarar, spesialpedagogar på skulen, barnehagestyrarar, einingsleiar for PPT og leiande helsejukepleiar (helseøster) på helsestasjonen.

Kommunerevisjonen har gjennomført dokumentanalyse av arbeidsinstrukser for personell i barnehage, vurderingsverktøy i barnehagen, skjema til bruk for informasjonsdeling ved overgang frå barnehage til skule, Årshjul med plan for både barnehage, skule og PPT med tanke på overgang frå barnehage til skule, læringsmål før skulestart, Mottaksskjema og retningsliner for kartlegging av kunnskap i skulen.

Prosjektet vart gjennomført i samsvar med følgjande framdriftsplan:

- Startsmøte med intervju av kommunalsjef på oppvekst
- Spørreskjema på e-post til barnehagestyrarar av to private barnehagar
- Intervju med barnehagestyrarar i to kommunale barnehagar
- Intervju med to rektorar på to skular med minoritetsspråklege barn
- Spørreskjema til 9 lærarar og pedagogiske leiarar på skulane
- Telefonintervju med helsejukepleiar
- Telefonintervju med einingsleiar av PPT kontoret
- Innhente dokumentasjonar på retningsliner
- Utarbeiding av rapport
- Sende rapport til rådmann for høyring
- Høyringsuttale frå rådmann
- Rapport til KU

## 2.4 Revisjonskriterier

I følgje forskrift om revisjon skal det etablerast revisjonskriterier ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Revisjonskriterier er dei krav og forventningar som revisor gjer sine vurderingar opp imot. Dei seier noko om korleis kommunen sin praksis bør vere.

Revisjonsforskrifta seier at det skal etablerast revisjonskriterier ved forvaltningsrevisjon. Desse skal vere grunngjeve i, og utleia frå, autoritative kjelder innanfor det reviderte området.

Kommunelova legg ansvaret for at kommunen er gjenstand for ein forsvarleg kontroll til rådmannen, jf. § 23. Det inneber at rådmannen må ha nedfelt eit sett med gode prinsipp som gjer at kommunestyret kan forvente at viktige mål blir nådd. Eit av desse måla er å overhalde lova og reglar.

Prosjektet har følgjande revisjonskriterier:

Kommunen skal ha system og rutinar som sikrar at:

- minoritetsspråklege barn får moglegheit til å få vurdert sin språkutvikling av barnehagepedagog og helsestøster, og at dette arbeidet blir dokumentert.
- minoritetsspråklege barn under opplæringspliktig alder med språkvanskar, får spesialpedagogisk hjelp til å utvikle og lære språklege ferdigheiter.

Det skal vere system og rutinar som sikrar at:

- barnehagane i Stranda kommune samarbeider med Barneskulen om barna sin overgang frå barnehage til skule.
- samarbeidet bidrar til at barna får ein trygg og god overgang.

Det skal vere system og rutinar som sikrar at:

- skulen kartlegg kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring.

Det skal vere system og rutinar som sikrar at elevar med rett til særskilt norskopplæring

- blir kartlagt i høve om dei treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring.
- får norskferdighetene kartlagt jamleg.

I barnehagelova § 2 a går det fram at: «Barnehagen skal samarbeide med skulen om barna sin overgang frå barnehagen til skule og skulefritidsordning. Samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang.».

Det går vidare fram frå rettleiar om språk i barnehagen (udir.no.- Utdanningsdirektoratet) at det er viktig at barnehagane arbeider bevisst med dokumentasjon og vurdering av enkeltbarn sine språk.

Kriteria er utleia frå opplæringslova § 2-8 (1) der det går det fram at: «Elevar i grunnskulen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen.»

I opplæringslova § 2-8 (4) står det vidare at: «Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa.»

I utdanningsdirektoratet sin rettleiar: «Innføringstilbud til nyankomne minoritetsspråklege elever» blir det presisert at «individuell kartlegging av ferdigheter er viktig for å kunne gje tilpassa opplæring».

## 2.5 Definisjonar

### Minoritetsspråklege barn

Elevar med ein anna morsmålsbakgrunn enn norsk kalla minoritetsspråklege elevar. Fleirkulturelle elevar, minoritetsspråklege elevar og elevar med minoritetsbakgrunn er brukt i offentlege dokument. Det har vært ulik bruk av omgrepa opp gjennom tidene. Fram til 1995 blei begripe framandspråklege elevar hyppig brukt (Utdanningsforskning.no).

Norge er blitt eit fleirkulturelt samfunn der norsk berre er eit av mange språk. Fleire barn enn tidlegare har ein minoritetsspråkleg bakgrunn. Det er viktig at desse barna blir stimulert slik at dei utviklar eit godt morsmål, fordi morsmålet har ein eigenverdi og er sterkt knytt til barnet si utvikling. Det er likevel viktig at minoritetsspråklege barn som skal vokse opp i Norge, også utviklar eit godt norsk språk når morsmålet er etablert. Morsmålet vil være med å danne grunnlaget for utviklinga av språk nummer to. Det er derfor vesentleg at barn i dei første leveåra blir omgitt av morsmålet i samspel med sine nærmeste. Desse barna vil ha gode føresetnader for å tilegne seg språk nummer to når morsmålet er etablert. Dei barna som møter fleire språk i tidleg alder og ikkje har etablert eit morsmål først, vil derimot møte store utfordringar i sin språkutvikling. Desse barna står i fare for å utvikle därlege ferdigheter ikkje berre i andrespråket, men også når det gjeld morsmålet (*Helsedirektoratet.no. Nasjonale faglege retningslinjer for undersøkelse av syn, høyrsel og språk hos barn s. 36*).

### BTI – Betre Tverrfagleg Innsats

BTI er ein samhandlingsmodell som er tilpassa møte med barn og unge som vekker uro hos vaksne. Ved å arbeide etter denne modellen, har dei eit ønske om å sikre lik praksis og godt samarbeid i kommunen. Det er også for å unngå at familiar som er involvert, ikkje skal oppleve seg som kasteballar mellom ulike tenester i kommunen. Målsettinga er å kvalitetssikre ein heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga. Samhandlingsmodellen har eit løp på fire nivå:

Nivå 0: Avklarar om det er grunn til uro.

Nivå 1: Beskriv innsats i kvar teneste.

Nivå 2: Beskriv enkelt tverrfagleg samarbeid mellom fortrinnsvis to tenester.

Nivå 3: Beskriv meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fortrinnsvis to tenester.

Kvart nivå skal beskrive arbeidet med å avklare uroa og sette i verk tiltak. Modellen er utvikla av Gnitz Strategisk Design A/S i Flekkefjord og er teke i bruk i fleire kommunar frå 2018 (bttilister.no)

### 3. Overgang frå barnehage til skule

#### 3.1 Innleiing

Barnehagen skal samarbeide med skulen om barna sin overgang frå barnehagen til skule og skulefritidsordning. Samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang jf. Barnehagelova § 2 a.

Overgangar er for dei fleste barn stimulerande, men om den blir for brå og ikkje godt nok tilrettelagt så kan overgangen få negativ innverknad på barnets utvikling. Det er viktig å leggje til rette for at barnet får ta avskjed med barnehagen på ein god måte. Ein vellukka overgang betyr også at skulen har ei sentral rolle i arbeidet med å lette overgangen, ikkje minst ved å byggje vidare på det barna har lært og erfart i barnehagen. God kvalitet og samanheng i utdanningssystemet er viktig for barn som står i fare for ikkje å lukkast i utdanningssystemet. I nært samarbeid med foreldra skal barnehage og skule leggje til rette for eit heilskapleg opplæringsløp, som tek vare på barna sine behov for tryggheit. Overgang frå barnehage til skule skapar endringar i forventningar og krav til barnet. Førebuingane til skulelivet må sjåast i samanheng med barnet sitt miljø slik som familie og andre barn i barnehage og skule. Rammeplan og læreplan for grunnskulen er utarbeida for å skape samanheng og framgang i utdanningsløpet. Barnehagar som arbeider systematisk med rammeplanen, vil leggje eit godt grunnlag for det enkelte barns trivsel og læring i skulen. Det er gode tradisjonar i barnehagane på å gje 5-åringane eit tilrettelagt pedagogisk tilbod det siste året før skulestart.

(regjeringen.no. st. meld. Nr. 41 (2008-2009) om «*kvalitet i barnehagen*» Kap.10, 10.1 og 10.2).

Forsking og erfaring viser at barn som får hjelp i tida før skulestart med å forstå kva som skjer i skulen, ser ut til å føle seg emosjonelt meir sikre og klare til å møte utfordringane med større tryggheit, når dei begynner. Motsett vil ein ikkje-forberedt og usamanhengande start kunne skape vanskar som for nokon kan strekkje seg lenger enn til det første skuleåret. Erfaring viser at det er viktig for barnas tryggheit ved skulestart at dei har blitt kjent med skulen dei skal begynne på. Mange barn uroar seg for korleis dei skal klare å finne klasserommet, skulefritidsordninga og toalett i eit bygg som kan opplevast stort og lite oversiktleg samanlikna med barnehagen. Overgangen frå å vere blant dei eldste i barnehagen til å bli yngst i ein myldrande skulefritidsordning kan vere stor. Derfor bør 5 og 6 åringane sine besøk på skulen også omfatte SFO (regjeringen.no – Kunnskapsdepartementet, veileiar frå eldst til yngst, 2008. s. 16, 17).

Eit viktig ledd i arbeidet med å få til ein god overgang frå barnehage til skule, er å jobbe med barna sitt språk slik at dei er mest mogleg rusta til å begynne på skulen. Barna som går i barnehage har rett til å få vurdert sin språklege kompetanse av barnehagepedagog (udir.no - Utdanningsdirektoratet sin veileiar «*Språk i barnehagen*» side 40). I tillegg gjer helsestasjonen vurdering av språkutviklinga til alle barn under skulepliktig alder. Også dei som ikkje går i barnehage.

#### Vurdere språkutvikling på helsestasjonen

Minoritetsspråklege barn skal få moglegheit til å få vurdert si språkutvikling på helsestasjonen av helsesjukepleiar (helsesøster) og dette arbeidet skal dokumenterast. Sosial- og helsedirektoratet sine nasjonale faglege retningslinjer for undersøking av syn, hørsel og språk av barn, gjer uttrykk for kva som er god praksis ved undersøking av barn

Anbefaling:

- I den generelle undersøkinga av barn blir det tilrådd å gjennomføre systematisk observasjon av kommunikasjon, språkforståing og talespråk.
- Foreldra si vurdering av barnet sitt språk er også av vesentleg betydning.
- Barnet skal bli vist til vidare utgreiing av språket, dersom det er mistanke om forsinka utvikling av språket.
- For meir systematisk observasjon av barnet sitt språk, har Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo, utarbeida materiell til bruk i arbeidet med kartlegginga på helsestasjonane ved 2- og 4-årskontrollane. Dette kallast SATS 2 og SPRÅK 4.

(Helsedirektoratet.no - nasjonale faglege retningslinjer for undersøking av syn, høyrsel og språk av barn, 2006. s. 37).

#### SATS 2 og SPRÅK 4

SATS 2 er eit kartleggingsverktøy som blir nytta av helsejukepleiar(helseøster) på helsestasjonen då barna er til to års kontroll. Under denne kontrollen er det fokus på morsmålet til dei minoritetsspråklege barna. Helsestasjonen sin kontroll av språket blir gjennomført ved hjelp av foreldra si omsetjing eller ved bruk av tolk. Det er også viktig å gjere foreldra bevisst på viktigeita av å bruke sitt eige morsmål overfor barna, og at dette dannar grunnlaget for at barnet også kan tilegne seg norsk. Helsestasjonen bør leggje ein plan saman med foreldra for korleis det norske språket kan stimulerast i alderen to til fire år. Kontrollen fokuserer på barnets språkforståing av 10 kjente objekt som f.eks. bamse, sko, seng. I tillegg blir samspele og merksemd vurdert.

SPRÅK 4 er eit kartleggingsverktøy som gjennom systematisk observasjon avdekker vesentlege trekk ved fireåringen sin språkferdigheit. Korleis denne kartlegginga skal gjennomførast vil avhenge av barnet og foreldra sin språkkompetanse i morsmål og norsk. Det er viktig å understreke at det ikkje alltid kan stillast same krav til resultat for norske barn og barn som har eit anna morsmål. Individuelle forhold må leggast til grunn. I tillegg til kartlegging av det norske språket må resultata supplerast med korleis barnet beherskar morsmålet, barnet sitt språkmiljø, forhistorie og språkhistorie (Helsedirektoratet.no – Nasjonale faglege retningslinjer for undersøkelse av syn, høyrsel og språk hos barn. Kap. 4.6.1. Bruk av SATS og SPRÅK 4 i forhold til minoritetsspråklege barn, s. 37 og 38). I tillegg følgjer helsestasjonane opp kontrollane til det tilrådde helsestasjonsprogrammet 0-5 år. Det inneheld ei rekke kontrollar som omfattar språk allereie frå barna er spedbarn og opp til 5 år.

(Helsedirektoratet.no - Nasjonal faglig retningslinje for «*Det helsefremmande og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelseteneste og helsestasjon for ungdom*», Helsestasjon-programmet 0-5 år).

Ved helsestasjonane i Norge er det ulik praksis med omsyn til korleis dei møter minoritetsspråklege barn. Det er henta inn opplysningar frå nokre helsestasjonar, og dei melder tilbake at det ikkje blir gjort noko vesentleg annleis i forhold til desse barna enn det dei gjer med norske barn, bortsett frå at det vanlegvis blir brukt tolk om foreldra ikkje meistrar det norske språket. Dei har derimot liten moglegheit til å vurdera kvaliteten på eit anna morsmål enn norsk. Ein systematisk observasjon på helsestasjonen gir oss berre informasjon om korleis barnet fungera i ein språkleg situasjon. Det er viktig å hente inn kunnskap om barnet sin utvikling på morsmålet. Dette ut frå at det i praksis er vanskeleg å avgjere om avvik i andrespråket, skyldast den alminnelege utviklinga av andrespråket eller om det tydar på spesifikke språkvanskar (Helsedirektoratet.no. Nasjonale faglege retningslinjer for undersøkelse

*av syn, høyrsel og språk hos barn s. 36).*

#### Vurdere språkutvikling i barnehagen

Regjeringa har som mål at alle barn bør beherske norsk før dei begynner på skulen. Det blir understreka at barnehagane må kunne tilby barna eit rikt språkmiljø slik at dei kan utvikle språka sine på ein god måte. Eit rikt språkmiljø føresett at personalet har god kompetanse innan språk og kunnskap om korleis dei kan legge til rette for god språkutvikling for alle barn. Eit av hovudmåla i st. meld. Nr. 41 er at alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap (st. meld. Nr. 41 s. 67, 90).

Det å støtte barn sin tileigning av språk er ein av barnehagens kjerneoppgåver. Barnehagen er ei viktig arena for å sette i verk førebyggande og tidleg innsats når det gjeld barna sin språklege kompetanse. Det er særleg viktig at barnet får delta aktivt i eit barnehagemiljø der det møter eit rikt vokabular og får moglegheit til å ta del i språk- utviklande samtalar. Personalet skal også støtte barna i å bruke, vedlikehalde og vidareutvikle morsmålet sitt sjølv om det ikkje er andre barn eller vaksne som deler deira morsmål i barnehagen. Ein god utvikling av barna sitt morsmål vil kunne ha positiv innverknad på tileigninga av norsk. Vaksne som beherskar fleire språk, kan vere ein viktig ressurs i samarbeidet mellom barnehagen og foreldra.

Dokumentasjon og vurdering av språkmiljøet og barnas språklege kompetanse vil i hovudsak vere pedagoganes oppgåve og ansvar. Pedagogane skal reflektere over den pedagogiske verksemda og eige arbeid med språkmiljøet i barnehagen. Dokumentasjonen gjer vidare grunnlag for å vurdere den språklege kompetanse hjå barna og følgje med på språkutviklinga deira. Dette skal vere utgangspunktet for å planlegge vidare arbeid, forbetre eigen praksis, praksis i barnehagen, legge til rette for eit språkmiljø med god kvalitet og tilpassa språkstimulering for alle barna. Pedagogen skal observere enkeltbarn for å danne seg eit bilet av kommunikasjons- og språkferdigheitene til barnet. Arbeid retta mot den språklege kompetansen til barnet skal skje i samarbeid og forståing med heimen. Pedagogen har ansvar for å informere foreldra om korleis barnehagen dokumenterer og vurderer den språklege kompetansen hjå barnet og kva som blir gjort for å støtte språktileigninga. For dokumentasjon av vurderinga kan pedagogen anten nytte ferdig utarbeida kartleggings verktøy frå departement, eller sjølv utarbeide noko som egner seg i den gitte situasjonen, for eksempel ei enkel liste med sentrale punkt.

Dersom pedagogen er uroa for språkkompetansen hjå eit barn og har oppdaga at barnet kan ha behov for særskilt støtte og oppfølging, kan det bli aktuelt for barnehagen å samarbeide med andre tenester i kommunen. Vurderinga skal sikre at barnet får eit godt tilpassa og heilsakapleg tilbod. Kommunen kan ha forskjellige tenester som er knyta til oppfølging av barn med språklege utfordringar. Dette kan for eksempel være hjelp frå ein språkpedagog eller ein migrasjonspedagog. Den einskilde barnehageeigar skal ha kjennskap til slike tilbod. Ved samarbeid med andre må dette gjerast i tråd med reglar for samtykke og teieplikt. Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er den kyndige instansen i kommunen. Eit barn med særleg behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i kommunen skal vurdere om det tilviste barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Det er viktig at barnehageeigar har kjennskap til det regelverket som er knyttet til spesialpedagogisk hjelp, og at det er etablert gode rutinar for korleis barnehagepersonalet skal gå fram i denne

type saker. Ei tilvising til PP-tenesta krev at foreldra samtykker. PP-tenesta vil ofte, i tillegg til eiga utgreiing med samtaler, observasjonar og kartlegging, ta utgangspunkt i og ha nytte av barnehagens opplysningar om det aktuelle barnet, vurderingane som er gjort, og erfaringar frå tidlegare tiltak (*udir.no. Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Språk i barnehagen» side 8-9,32-39,40-49,50-51*).

### 3.2 Problemstilling:

Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å sikre at det blir ein god overgang mellom barnehage og skule for minoritetsspråklege barn?

### 3.3 Revisjonskriterier

Kommunen skal ha system og rutinar som sikrar at:

- minoritetsspråklege barn får moglegheit til å få vurdert sin språkutvikling av barnehagepedagog og helseøster, og at dette arbeidet blir dokumentert.
- minoritetsspråklege barn under opplæringspliktig alder med språkvanskars, får spesialpedagogisk hjelp til å utvikle og lære språklege ferdigheiter

Det skal vere system og rutinar som sikrar at:

- barnehagane i Stranda kommune samarbeider med barneskulen om barna sin overgang frå barnehage til skule.
- samarbeidet bidrar til at barna får ein trygg og god overgang.

### 3.4 Faktagrunnlag

I KOSTRA går det fram at 30% av barna i barnehagane i kommunen er minoritetsspråklege. Dette er langt over landsgjennomsnittet. Til samanlikning har barnehagane i Møre og Romsdal fylke 13,8 % og samanliknbare kommunar har 13,1 % minoritetsspråklege barn.

I budsjettdocumentet skriv rådmann at kommunen har ei utfordring knytt til språkopplæring av framandspråklege barn.

#### 3.4.1 Språkutvikling

##### Vurdere språkutviklinga på helsestasjonen

Leiande helsejukepleiar (helseøster) i Stranda kommune, informerte om at helsestasjonen har gode innarbeidde rutinar på å vurdere språkutviklinga til barna frå dei er spedbarn og opp til barna er 4 år. Helsestasjonen har fire stillingar som helsejukepleiarar. To i 100 % stillingar, ein tredje i 80 % stilling og den fjerde i 50% stilling. Dei har etter eigen vurdering nok ressursar til å kunne følgje opp vurderingane av språkutviklinga. Dei følgjer det anbefalte helsestasjonsprogrammet 0-5 år, som inneheld 14 konsultasjonar frå fødsel til og med fire års kontrollen. Dei har rutinar på å følgje med på språket til alle barna frå dei lager dei første lydar på babystadiet, til enkel forståing ved 12-15 mnd alder. Frå 18 månadar blir språk- forståing vurdert som det aller viktigaste. Nokre har ved 18 mnd alder 3-4 ord, andre kan ha opp mot 15-20 aktive ord. Frå 2 årsalder brukar dei SATS 2 verktøyet for screening av to åringens språk. Frå 4 år brukar dei SPRÅK 4 som er eit språk screenings verktøy. Desse verktøya har visse

parameter som dei vurderer etter. Dei tilsette på helsestasjonen er ikkje heilt fornøgd med verktøya fordi dei ikkje fungerer like godt for dei minoritetsspråklege barna som for dei etnisk norske barna. Dette fordi at dei minoritetsspråklege barna må lære seg to språk samtidig og da går det seinare å utvikle det norske språket og sitt morsmål. Derfor blir det slik at dei minoritetsspråklege barna skårar dårlegare på språktestane. Det fører til at helsesjukepleiarar må kalle inn dei minoritetsspråklege barna til fleire ekstrakontrollar, for å sikre at språkutviklinga er god nok.

I følgje kommunalsjef på oppvekst blir dei minoritetsspråklege barna som er flyktningar og som ikkje går i barnehage, ikkje høyrd i norsk før dei kjem på 4-års kontroll.

Frå august 2019 vil dei også starte opp med å gjennomføre konsultasjonar i 1. klasse. Slik at då vil språkutviklinga også bli vurdert når dei er 5-6 år. Dette er etter retningslinjer frå Helsedirektoratet.

Helsesjukepleiarane oppmuntra foreldra til at barna skal få nok påverknad frå morsmålet sitt frå dei er spedbarn og framover. Dette er også noko som rettleiar rår til for at barna lettare skal kunne lære seg språk nummer to etter kvart. Helsekontrollane ved helsestasjonen til dei minoritetsspråklege barna blir utført på lik linje med norske barn, bortsett frå at dei nyttar telefonfolk.

#### Dokumentasjon av vurderingane

Vurderingar som er gjennomført etter Sats 2 og språk 4, blir dokumentert ved at skjema blir fylt ut og skanna i barnet sin digitale winmed journal.

Ved dei andre kontrollane blir barnet si språkutvikling ført direkte inn i den digitale winmed journalen.

#### Retningsliner/system

Helsestasjonen har ikkje utarbeida eigne retningsliner for å vurdere språkutviklinga til barna, men dei har munnlege avtalar og følgjer Helsedirektoratet sine nasjonale faglege retningsliner for undersøking av syn, høyrsel og språk hos barn. Anbefalingane blir gjennomført i praksis, når barna er inne til kontroll.

#### ***Språkutvikling i barnehagen***

Det er minoritetsspråklege barn ved to kommunale barnehagar og to private barnehagar i Stranda kommune. Ved Helstad kommunale barnehage er det 7 minoritets-språklege barn. Ved Ringstad kommunale barnehage er det 23 minoritetsspråklege barn, som er 38,3% av alle barna i denne barnehagen. Tusenfryd private barnehage har 15 minoritetsspråklege barn og Trollhaugen private barnehage har 5 barn.

Barnehagane nyttar same observasjonsskjema «Alle med» når dei vurderer språkutviklinga til alle barna. Den private barnehagen Tusenfryd nyttar også «TRAS» som er eit litt anna type kartleggings-verktøy. Det er barnehagepedagogane som er ansvarlege for å gjennomføre vurderingane og fylje ut skjema, medan barnehagestyrarane ser til at dette arbeidet blir gjort. Det går ut på å kartlegge barnet si utvikling i språk, leik, trivsel, sosial kompetanse, motorikk og kvardagsaktivitetar. Barnehagane har tilstrekkeleg med ressursar slik at alle barna får vurdert sin språkutvikling av barnehagepedagog. Barnehagane nyttar skjema i vurderingsverktøyet «Askeladden», til barn som har vanskar og må undersøkast meir. Barnehagestyrarane opplever at dette er eit godt verktøy som tek for seg artikulasjon av ord, korleis barnet forstår orda og korleis dei set saman orda.

Tre av dei fire barnehagestyrarane gav uttrykk for at barnehagane i Norge ikkje har eit godt kartleggingsverktøy som er laga spesielt for minoritetsspråklege barn. Dei skjema dei har er tufta på norske barn med etnisk norske foreldre. Dei saknar eit kartleggingsverktøy som er testa ut på minoritetsspråklege barn. Morsmålet og det norske språket har forskjellig grammatikk, slik at når dei testar så kan det for eksempel vere slik at barnet brukar grammatikken til morsmålet i norsk.

#### Dokumentasjon av vurderingane

Barnehagane dokumenterer vurderingane ved å skrive dei inn i vurderingsskjema og føre inn dato når det er blitt observert. Barnehagepedagogane må få underskrift av foreldra for å kunne gjennomføre observasjonane av barna deira og å bruke desse kartleggingsskjema. Det er god dokumentasjon å ta fram for å sjå tilbake på om barnet har hatt framgang sida sist dei blei observert.

«Alle med» og «Askeladden» blir også brukt til å vise foreldra barnet sine resultat i vurderinga, ved foreldresamtale. Ved ytterlegare utgreiingar til PPT skriv barnehagepedagogane ein eigen rapport om barnet.

#### Retningsliner/system

Barnehagane har ikkje utarbeidd eigne retningsliner som seier at språkutviklinga til kvart barn skal bli vurdert og at det skal gjennomførast av barnehagepedagog. Barnehagestyrarar opplyste at dette er omtalt i jobbinstruksen til barnehagepedagogane. Ordlyden i jobbinstruksen til barnehagepedagogane er:

*«Pedagogisk leiar skal rapportere til styrar dersom barn vert vurdert til å ha behov for støtte utover det barnehagen normalt kan gi.»*

Ordlyden i arbeidsinstruks til førskulelærar, som også er barnehagepedagog er:

*«Førskulelærar skal rapportere til pedagogisk leiar / styrar dersom barn vert vurdert til å ha behov for støtte utover det barnehagen normalt kan gi.»*

Barnehagestyrarar opplyste at det at språkutviklinga til barna skal vurderast av barnehagepedagog står i Rammeplanen for barnehagen og i rettleiar til Rammeplanen. Det står også i årsplanen til barnehagane at dei skal nytte nemnde observasjonsskjema. Årsplan er eit informasjonshefte, som også foreldra får. Der står det at barnehagen gjennomfører observasjonar etter kartleggings skjema og at foreldra blir informert om funna to gonger i året.

#### Språkmiljøet

Barnehagestyrar i Helstad barnehage opplyste at dei også vurderer språkmiljøet i barnehagen. Språkmiljøet i barnehagen vil vere påverka av det språket som mesteparten av barna snakkar. Jo fleire minoritetsspråklege barn det er i barnehagen, dess meir «gebrokken norsk» vil det bli snakka i språkmiljøet i barnehagen. Det er derfor viktig å ha vaksne som er gode språkmodellar for barna i barnehagen. Språkmiljøet vil også påverke dei etnisk norske barna. Dei er i ei opplæringsfase og har lett for å ta etter dei andre barna omkring seg. Eit barn vil som oftast snakke den dialekta som dei fleste i nærmiljøet snakka der dei veks opp, uavhengig av dialekta eller språket til foreldra. Dei vaksne i barnehagen må snakke tydeleg og forklare godt orda og repetere ord..

På spørsmål frå kommunerevisjonen om kva dei kan gjere med dette svarte barnehagestyrar at dei har fleire tiltak som kan vere med på å tydeleggjere orda betre for barna i språkmiljøet.

Dei kan for eksempel bruke dagtavle. Med så mange barn så treng dei å informere med enkle grep kva som skal skje. Då brukar dei eit bilde på tavla som signalisere at no skal dei ete, så ser alle på tavla og ser på bilde samtidig som dei fortel at dei skal ete. Eller dei kan vise eit bilde som viser at no skal dei vaske hender. Då er det tydeleg og alle kan forstå. Sjølv dei som er svakast i norsk. Dei kan også bruke Ask (alternativ supplerande kommunikasjon). Eksempel på dette kan vere å bruke enkle teikn med hendene for å forsterke det ein seier, bruk av bilet, grafiske symbol eller fysiske gjenstandar. Dei kan også dele barna inn i mindre leikegrupper for å kunne følgje opp kvart einskild barn betre. Då kan dei observere og gi ei betre innlæring av ulike omgrep.

#### Morsmålet

Barnehagestyrar i Helstad barnehage opplyste at dei ikkje jobbar spesifikt med morsmål i barnehagen. Dei jobbar spesifikt med å lære norsk, men dei blandar inn nokre morsmålsord under leik i kvardagen. Då spør dei tilsette dei minoritetsspråklege barna kva dei ulike norske orda er på litauisk, på polsk, på slovakisk osv. Så svarer nokre av desse barna. Nokre av dei forstår at det er spesielt at dei har to språk, medan andre trur at alle har to språk og at det blir snakka eit språk i barnehagen og eit språk heime. Når dei blir henta av foreldra og går ut av barnehagen så snakkar dei sitt morsmål med foreldra. Nokre barn som har to språk klarer ikkje å setje over ord til deira morsmål når dei er i barnehagen.

Barnehagestyrar i Ringstad barnehage opplyste at dei oppmodar foreldra til å bruke morsmålet i heimen, fordi det viktigaste for barnet er å etablere eit godt morsmål. Dette for at barnet skal kunne utvikle seg med å kunne uttrykke tankane sine. Også for at dei skal få ein eigen identitet i høve til språk, og at dei skal føle at dei er akseptert med sitt morsmål. Dette er også noko som dei informerer om på foreldresamtalane. Om det er noko dei lurar på om språket til barnet, så spør dei foreldra på foreldresamtalane, om korleis barnet er når det snakkar morsmålet. Dersom barnet snakkar godt morsmål, så ser dei nærare på opplæringa i det norske språket i barnehagen. Ein slik samtale kan gi dei informasjon om kva dei skal gjere vidare. Dei bruker og å henge opp flagg frå dei ulike nasjonalitetane og henge opp lappar med ord og uttrykk frå dei landa som dei minoritetsspråklege barna kjem frå. Foreldra skriv deira ord under dei norske orda. Om dei for eksempel har eit 17. mai tema med ordet hurra!, så kan dei skrive dette ordet på morsmålet under sitt flagg. Barnehagestyrar i Ringstad barnehage opplever at dei minoritetsspråklege barna i dag er meir stolte av heimlandet og morsmålet enn før. Det er meir akseptert i dag. Før kunne dei vere meir skjemde når foreldre kom for å hente dei i barnehagen, og dei ikkje snakka norsk. Barnehagestyrar opplyste at dette kan komme frå påverknad frå Utdanningsdepartementet, påverknad under utdanning og vidareutdanninga til barnehagepedagogar og førskolelærar og den praksisen som då blir gjennomført i barnehagane, som fører til at barna får lov til å vere stolte av heimlandet og morsmålet.

#### Erfaring med tolketenesta

Den eine barnehagestyraren informerte om at dei har opplevd at ved leige av telefontolk så har det skjedd at vedkomande tolkar feil. Det kan gje katastrofale konsekvensar. Det har etter deira vurdering ikkje vore ein god nok teneste hittil. På bakgrunn av slike erfaringar «kvir» dei seg for å nytte tenesta då dei ikkje veit og forstår kva tolken eigentleg seier. Dei har gitt tilbakemelding når dette har skjedd, men dei vegrar seg til å bruke tolk etter dette. Det er

veldig viktig at det blir riktig oversett. Denne barnehagen har hatt god erfaring med å ha ein assistent frå Litauen som har vore med som tolk ved foreldresamtalar.

### 3.4.2 Barn med språkvanskars

#### *Oppfølging frå helsestasjonen*

Dei tilsette på helsestasjonen vurderer barnet si generelle språkutvikling i helsestasjonsprogrammet 0-5 år, gjennom dialog med foreldra og i samtale med barnet. Har barnet eit godt morsmål som til dømes Lituisk, som dei vurderer som normalt for alderen, men eit svakare norsk språk rår dei foreldra til at barnet er i barnehage primært.

Dersom dei vurderer at barnet frå minoritetsbakgrunn har eit dårlig utvikla morsmål og eit dårlig norsk språk, diskuterer dei problema med barnehagen og med foreldra, og gjennomfører gjerne ekstra kontrollar. Dersom barnehage og foreldre deler denne uroa for språkutviklinga, så tilviser barnehagen til PPT. Deretter gjennomfører PPT ei utgreiing i høve til språkutvikling, og vurderer om barnet har rett til spesialpedagogisk hjelp med omsyn til språkutvikling.

Dei minoritetsspråklege barna som ikkje går i barnehage, får same vurdering, oppfølging og dokumentasjon ved helsestasjonen og eventuelt tilvising til PPT om det er uro for den generelle språkutviklinga. Leiande helsesjukepleiar har nesten ikkje opplevd at det har vore barn inne til kontroll på helsestasjonen som ikkje går i barnehage.

Dei rår til at minoritetsspråklege barn startar i barnehage frå 1 års alder, slik at dei kan begynne å lære det norske språket ved sidan av sitt morsmål heime. Det er viktig å ha etablert eit godt norsk språk til skulestart ifølge. helsesjukepleiar.

#### BTI - møte

Helsesjukepleiar opplyste at dei er nøgd med at dei har fått til eit betre tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, skule, PPT, barnevern, helsestasjonen og lege. Dei har faste samarbeidsmøte (BTI møte) med ein barnehage eller skule om gongen. Barnehagestyrar eller rektor kallar inn til desse møta og utarbeider saksliste. Etter dette samarbeidet kom i gang har dei greidd å få meir kontakt og samarbeider meir på alle typar utfordringar som barna kan ha. Dei ringer til kvarandre og følger med på utviklinga til barna og kva behov dei har. Dersom tilsette på helsestasjonen er uroa for språkutviklinga til eit barn, får dei samtykke av foreldra til å snakke med barnehagen. Dei ser barnet kvar dag og har rutinar på å vurdere språkutviklinga. Dette gir svar på om helsesjukepleiar treng å uroe seg eller om barnehagen har observert at utviklinga er på rett veg.

#### *Oppfølging frå barnehagen*

Barnehagestyrar i Ringstad barnehage opplyste at om dei vurderer det slik at eit minoritetsspråkleg barn har store vanskar med språket har dei først samtale med foreldra og viser det dei har kartlagt i vurderingsverktøya. Om dei ser at barnet også har utfordringar med morsmålet, så tek dei kontakt med PPT. Då skriv dei ein pedagogisk rapport og eit meldeskjema som foreldra er med på å utarbeide. Så blir dette sendt til PPT og PPT gjer då si kartlegging med sitt verktøy. Etter det har dei eit samarbeidsmøte mellom foreldra, barnehagen og PPT der dei kjem fram til ei løysing.

Då kan dei få tildelt hjelp frå spesialpedagog som er tilsett under kommunalsjef i oppvekst. Barn kan også få hjelp frå logoped ved behov. Det blir ikkje gjort forskjell på norske eller

minoritetsspråklege barn. Einaste forskjellen er at dei må kartlegge morsmålet først hos dei minoritetsspråklege barna. Det blir opplyst at dei aldri har opplevd at eit minoritetsspråkleg barn berre slit med morsmålet og at dei berre treng hjelp til læring i morsmålet. Dersom både PPT, foreldra og barnehagepedagogane i barnehagen er einige i at barnet treng det så får dei spesialpedagogisk opplæring i norsk. Men dei forsøker først å lære barnet betre norsk i barnehagen. Dei kan for eksempel oftare bruke song, rim og regler for å repetere meir. Dei ser at barn lærer raskare då.

Opplysningar frå dei andre barnehagestyrarane stadfester at dette er rutinane som dei brukar for å hjelpe barn med vanskar.

#### **BTI møte**

Barnehagestyrarar gav uttrykk for at dei er godt nøgde med dei tverrfaglege møta som kommunen begynte med for 4 år sidan. Styrar for Tusenfryd opplyste at om dei vurderer det slik at eit barn har vanskar, og dei har diskutert dette med foreldra først, så kan det diskuterast i BTI-møte med dei andre samarbeidsinstansane for å få fleire faglege drøftingar.

Barnehagestyrar i Ringstad barnehage er også veldig nøgd med dette samarbeidet. Dei siste gongene har avdelingane i barnehagen vore med for å løyse utfordringar med mat, sidan dei har barn med ulike matkulturar og med tanke på allergiar og at barn frå ulike kulturar ikkje kan ete all mat for eksempel svinekjøtt. Dei tek ofte opp generelle ting for grupper av barna, men kan også ta opp ting som gjeld eit barn. BTI samarbeidet har vore ein veldig nyttig samarbeidspart for dei. Nå kan dei oppdage problem og finne løysingar tidlegare enn før. Rektor på Sunnylven opplyser at han og er nøgd med rutinane for BTI-møter som gjer at dei kan få til tverrfaglege møter på skulen med PPT, barnevern, helsestasjon.

#### ***Oppfølging frå PPT kontoret***

For at dei minoritetsspråklege barna, under skulepliktig alder skal få vedtak på spesialpedagogisk hjelp til å utvikle språket, må dei ha ei eller anna form for språkvanskar.

Det kan for eksempel vere at barnet treng hjelp til å lære artikulasjon av orda, då kan barnet for eksempel få vedtak på å få undervisning frå logoped nokre timer i veka. Ei sakkunnig vurdering ligg til grunn for at eit barn skal få spesialpedagogisk hjelp, og einingsleiar for PPT opplyser at dei nyttar Utdanningsdirektoratet sin rettleiar for spesialpedagogisk hjelp. Om eit barn har særlege behov kan det få spesialpedagogisk hjelp, den sakkunnige vurderinga skal seie noko om barnet sitt behov, kva hjelp det skal få, omfang og organisering av hjelpa. Det kan ligge til grunn særlege behov som fører til at eit barn med minoritetsspråkleg bakgrunn ikkje lærer seg norsk. Er det uro om dette blir det meldt til PPT som utgreier kva behov barnet har.

Einingsleiar på PPT kontoret i Stranda kommune opplyste at dei blir kontakta av barnehagane om omkring 10 barn i året, som har språkvanskar. Desse har blitt vurdert som at dei treng spesialpedagogisk hjelp til å lære språklege ferdigheiter. Omkring halvparten av desse er minoritetsspråklege barn. Einingsleiar for PPT opplyser at det ikkje er underrapportering knytt til å melde frå om at barn med minoritetsspråkleg bakgrunn har vanskar. Det blir vidare opplyst om at både barnehagestyrarane og helsejukepleiarane er godt orienterte om lovverket omkring dette med å kunne be om spesialpedagogisk hjelp til barn som treng hjelp til å utvikle betre språklege ferdigheiter.

Det har ikkje skjedd at PPT kontoret har blitt kontakta av helsestasjonen for at minoritetsspråklege barn, under skulepliktig alder, som ikkje går i barnehage, med, treng spesialpedagogisk hjelp til å utvikle språket. Dette er fordi at alle dei minoritetsspråklege barna går i barnehage. PPT kontoret har eit tett samarbeid med helsestasjonen, og dei vurderer det slik at dei fangar det opp om det skulle være noko med barna. Stranda kommune har ikkje venteliste for å få barnehageplass. Retten til spesialpedagogisk hjelp er ikkje knytt til om barnet har barnehageplass. Stranda kommune har tilsett spesialpedagogar som jobbar med barn under skulepliktig alder, desse kan også gjennomføre spesialpedagogisk hjelp heime hos eit barn ved behov.

### **3.4.3 Overgang frå barnehage til skule**

#### ***Retningslinjer for samarbeid om overgang***

Stranda kommune har utarbeidd ei handlingsplan for eit tverrfagleg samarbeid rundt skulestart. Den kallast «Den gode skulestart» og er skrevet inn i årshjulet som er å finne i Compilo. Årshjulet beskriv oppgåvene til barnehagane (både kommunale og private), skulane, PPT og helsestasjonen. Det er også eit krav til dei tilsette at dette samarbeidet ikkje er noko dei kan velje bort. Handlingsplanen seier at kommunen har eit felles overordna ansvar for barn og unge sine oppvekstvilkår. Handlingsplanen beskriv at det tverrfaglege samarbeidet må legge til rette for at det enkelte barn får ein personleg vekst. Barna skal sikrast dei beste utviklingsmogleg-heitene. Årshjulet har ei tidsmessig ramme som følgjer skule- og barnehageåret frå august året før skulestart og til juni kort tid før skulestart (sjå vedlegg 1).

#### **Barnehagane om overgang**

I Compilo finst og andre dokument som involverer barnehagane, i arbeidet med overgangen frå barnehage til skule:

- Informasjon om eleven. Eit skjema som skal fyljast med informasjon om eleven. Tilsette i barnehagen er ansvarleg for å fylle ut informasjonen før skulestart, i samarbeid med foreldra og helsestasjonen. Slik at skulen skal kunne leggje til rette skulestarten best mogleg for det enkelte barnet.
- Temaliste med ord som knyttes til overgangen til skule. Barnehagane har ansvar for å lære barna viktige ord før skulestart. Slik som matpakke, skulefrukt, frukost ol.
- Samtykkeskjema som er relatert til overgangen til skule. Barnehagen har ansvar for å innhente samtykke fra foreldra. Foreldra må gje barnehagen løyve til å overføre informasjon om barnet til skulen.
- Arbeidsinstruks for alle tilsette i barnehagen. Det er ikkje skrive spesifikke krav til arbeidet omkring overgangen til skule, men arbeidsinstruksen har krav til at personalet skal generelt gjere seg kjend med lovar, reglar, mål og rammeplan for barnehagane:  
*5) gjere seg kjend med og arbeide etter dei lover, reglar, felles mål og vedtekter som er gitt for verksemda i barnehagen: lov om barnehagar, rammeplanen m.m*

Barnehagestyrarane i dei kommunale barnehagane opplyste at dei har gode rutinar på å følgje opp handlingsplanen «Den gode skulestart» og dei opplever at dei har eit godt samarbeid med skulane om overgangen. Styrar i Ringstad barnehage opplyste at dei har eit opplegg der dei

brukar god tid på overgangen til skulen. Ho synes det er viktig å trygge både foreldre og barna før skulestart. Dersom det er barn som treng å bli trygga endå meir enn dei andre, så kan dei ta dei med på skulen for å vise dei kor dei skal vere. For eksempel bruker spesialpedagog å ta med barn som skal få undervisning av henne, på besøk til skulen. Barnehagestyrar i Helstad barnehage opplyste at dei har god rutine på arbeidet med overgangen og dei er stadig i utvikling for å bli enda betre. I den nye handlingsplanen i årshjulet har dei arbeidd inn ei forbetring som går ut på meir samarbeid mellom skulen og barnehagen. Dei har tru på at dette vil føre til ein enda betre overføring av informasjon om barna til lærarane som skal ta over barna i skulen.

Barnehagestyrarane i dei private barnehagane har også delteke i utarbeidingsa og forplikta seg til å vere ein del av handlingsplan i «Den gode skulestart» og at alle barn blir godt ivaretatt i overgangen. Private barnehagar deltek vidare på same møter som dei kommunale. Likevel gir dei uttrykk for at dei ikkje er fullt så nøgd med samarbeidet med Ringstad skule om overgangen. Dei skulle ønske at skulen etterspurde meir informasjon om barna før skulestart. Slik det er no så ønsker skulen å gjere eigne erfaringar. Dei private barnehagane saknar også meir styrking av språkressurs inn i barnehagen i førskulegruppa, siste året før skulestart.

#### Skulane om overgang

Rektor på Ringstad skule opplyste at dei er veldig nøgde med arbeidet dei gjer for at overgangen til skulen skal bli så god og trygg som mogleg for barna. Skulen har ikkje eige opplegg for dei minoritetsspråklege barna. Arbeidet med overgangen blir gjort likt for alle barna. Dei har eigne møter å snakkar om språkutviklinga til barna og har eigne møter der dei samtala om kven som bør vere i same klasse. Dei får tilsendt skjema frå barnehagen med informasjon om barna og det er og faste møter før sommaren. Ved behov kan dei også møte opp i barnehagen for at lærar skal bli kjent med elevane. Barna kommer på besøk på skulen ein eller to gonger. Ved behov kan også einskilde barn komme på skulen saman med barnehagelærar for å bli kjent på skulen. Dette for å skape trygge rammer for overgangen. Dei har ein generell besøksdag ein laurdag i juni kor foreldra og barna er invitert. Då har dei ei samlingsstund og dei har ein skuletime slik at dei får oppleve det også. Dette blir avslutta med uteleik. Rektor på Ringstad skule er nøgd med samarbeidet med barnehagane og opplever at barnehagane er flinke til å informere skulen om det skulen treng å vite om før skulestart.

Rektor på Sunnylven skule oppleve at dei har ei god rutine på arbeidet med overgangen til skulestart. Det går ut på å få til ein god og trygg overgang for alle barna. Rutinen skal gjelde både norske og minoritetsspråklege, og dei har eit godt samarbeid med barnehagen. Barna som begynner på Sunnylven skule kjem frå barnehage som no ikkje har minoritetsspråklege barn. Denne forvaltningsrevisionen har fokus på minoritetsspråklege barn og opplysninga er henta berre frå barnehagar med minoritetsspråklege barn. Det gjer at barnehagen som samarbeider med Sunnylven skule om overgangen til skule, ikkje har uttalt seg i denne samanheng.

#### Helsestasjonen om overgang

Frå hausten skal helsesjukepleiar og lege begynne å gjennomføre tilrådde helsekontrollar av alle barn i 1. klasse (tidlegare førskulekontrollen). Då skal dei prioritere innkallingane til kontroll etter barna sine behov. Det vil då bli slik at nokon blir kalla inn på hausten og nokre på

vinteren/vår i 1. klasse. Dette vil gi dei betre høve til å sjå korleis elevane har opplevd overgangen frå barnehage til skule, og kunne høre korleis dei minoritetsspråklege barna har opplevd dette.

## 3.5 Vurderingar

### 3.5.1 Språkutvikling

#### Språkutvikling på helsestasjonen

Språkutviklinga til barna blir vurdert på helsestasjonen av helsesjukepleiar, frå babystadiet og opp til 4 års kontrollen. Dette gjer at barna som ikkje går i barnehage også blir følgt opp i språkutviklinga.

Kravet til å dokumentere vurderingane, er innfridd i helsestasjonen, sidan vurderingar som er gjennomført etter Sats 2 og språk 4, blir skanna i barnet sin digitale winmed journal.

Helsestasjonen har ikkje utarbeidd eigne retningsliner for dette arbeidet.

#### Språkutvikling i barnehagen

Dei 50 minoritetsspråklege barna i Stranda kommune, fordelt på fire barnehagar, får vurdert sin språkutviklinga av barnehagepedagog. Barnehagane har tilstrekkeleg med barnehagepedagogar til å gjennomføre dette. Dei fire barnehagane som har minoritetsspråklege barn har etablert rutinar på dette arbeidet. Det blir og arbeidd likt med det same vurderingsverktøyet «Alle med», som gjer at dei har god kontroll med dette arbeidet.

Vurderingane blir dokumentert og lagra i barnehagen. Vurderingsarbeidet blir gjort etter samtykke av foreldra til kvart barn.

Barnehagen og helsestasjonen har ikkje utarbeidd eigne retningsliner for at språkutviklinga til kvart barn skal vurderast, og barnehagen har heller ikkje eigne retningsliner som direkte seier at desse vurderingane skal gjerast av barnehagepedagog. På den annen side er det slik at dei legg Forskrift om Rammeplan for barnehagen til grunn i sitt arbeid, og denne blir aktivt brukt av barnehagane.

Kravet er at barnehagane skal ha eit system og rutinar for å vurdere språkutviklinga til barna. Kommunerevisjonen ser det slik at barnehagane har eit system for å gjennomføre dette, ved at dei føljer rammeplan for barnehagane. Dei har også utvikla ei god rutine for å kartleggje og dokumentere språkvurderinga, ved å nytte observasjonsskjema jamleg.

### 3.5.2 Barn med språkvanskar

#### Oppfølging frå helsestasjonen, barnehagane og PPT kontoret

Både helsestasjonen, barnehagen, barnevern, lege og PPT kontor har eit godt tverrfagleg samarbeid som gjer at dei kan fange opp om barn har språkvanskar og gjere tiltak for å gje spesialpedagogisk hjelp ved behov. For eksempel at dei får vedtak om hjelp av logoped eit par timer i veka. Om dei berre treng meir opplæring i norsk, blir dette ivareteke ved meir opplæring i barnehagane.

Barnehagane og helsestasjonen har skrivne retningsliner for å følgje opp barn med vanskars gjennom retningsliner for BTI samarbeidet. Dei inneheld prosedyre for korleis dei skal gå fram vidare ved uro for barn med vanskars.

### 3.5.3 Overgang frå barnehage til skule

Kommunen har utarbeidd retningslinjer «Den gode skulestart», som skal sikre at barnehagane samarbeider med barneskulen om barna sin overgang frå barnehage til skule. Denne undersøkinga viser at barnehagane og skulane følgjer desse retningslinene og har gode rutinar på dette arbeidet med den hensikt at barna skal få ein trygg og god overgang. Det har ikkje blitt registrert at nokon av barna har hatt vanskar med overgangen til skulen.

Styrarane i dei to private barnehagane ønsker seg enda betre samarbeid med Ringstad skule om overføring av informasjon om kvart barn til skulen. Kommunerevisjonen ser det som nyttig at barnehagestyrarane og rektor har eit møte kor dei saman kan finne ei løysing på dette problemet.

Dei saknar også meir styrking av språkressurs inn i barnehagen i førskulegruppa, siste året før skulestart.

Funna frå denne undersøkinga frå alle dei fire barnehagane tyder på at dei tilsette i barnehagane er fagleg dedikerte og omsorgsfulle overfor alle barna i barnehagen, og gjer alt for at dei skal følgjast opp på beste måte. Ein kan forklare dette med at det er viktig for dei å vite at barna blir følgt opp vidare på rett måte i høve til kvart individ og deira behov. Det var også gitt uttrykk for at barnehagestyrar ønskjer å vite korleis det går med barna etter overgangen, for å hente informasjon om barnehagen si førebuing av barna før skulestart har vært tilstrekkeleg eller om noko kan gjerast annleis.

I den nye handlingsplanen i årshjulet (2019), har dei arbeidd inn ei forbeting som går ut på meir samarbeid mellom tilsette i skulen og i barnehagen. Dei har tru på at dette vil føre til ei enda betre overføring av informasjon om barna til lærarane som skal ta over barna i skulen.

Det at ein av dei private barnehagane saknar meir språkressurs inn i barnehagen det siste året før skulestart, er noko kommunen bør sjå nærare på. Ut ifrå opplysninga i denne rapporten, så er det viktig for dei minoritetsspråklege elevane at dei får så god opplæring i norsk som er mogleg før skulestart, for at dei skal få ein trygg og god start på skuletida.

Samarbeidet mellom barnehagane og skulane i Stranda kommune er etter vår vurdering stort sett bra. At dei no har utarbeidd ein ny handlingsplan med forbetingar, viser at dei har fokus på å utvikle og forbetre arbeidet med overgangen frå barnehage til skule.

## 4. Vedtak om særskilt norskopplæring

Elevar i grunnskulen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring inntil dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen jf. Opplæringslova § 2-8 (1).

For å kunne legge til rette for ei tilpassa språkopplæring må skulane kartlegge språkkompetanse til elevane, jf. opplæringslova § 2-8.

Ein elev som ikkje kan norsk eller har svake ferdigheter i norsk, skal ha eit tilrettelagt tilbod i norskopplæringa. Særskild språkopplæring er eit samleomgrep på særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Dette inneber ei forsterka opplæring i norsk. Morsmålsopplæring er opplæring i morsmålet mens tospråkleg fagopplæring betyr at eleven får opplæring i eitt eller fleire fag på to språk. Retten til særskild språkopplæring blir gitt i form av enkeltvedtak. Elevane som får slikt vedtak har rett til særskild norskopplæring fram til dei har tilstrekkeleg ferdigheter i norsk til å kunne følgje den ordinære opplæringa jf. Opplæringslova § 2-8, 1. ledd og § 3-12, 1. ledd.

«Nyankomne» og andre minoritetsspråklege elevar kan ha rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring i ein overgangsperiode, om dei har manglande ferdigheter i norsk i så stor grad at dei ikkje kan følgje opplæring gitt på norsk (Ot.prp. nr. 55 (2003-2004.)

Skuleeigar kan velje å tilby morsmålsopplæring utover det som er lovpålagt og morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skule enn den eleven til vanleg går på jf. Opplæringslova § 2-8, 2. ledd. Dersom morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan utførast av egna undervisningspersonale, skal kommunen bestemme korleis dei vil tilby den særskilde språkopplæringa i grunnskulen (*Udir.no – veileiar frå Utdanningsdirektoratet om Innføringstilbud til nyankomne minoritetsspråklege elevar, s.8*). Opplæringa skal vere tilpassa evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven jf. Opplæringslova § 1-3.

Frå 1. til 4. klasse skal skulen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode bli gitt som eineundervisning.

### 4.1 Problemstilling

Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å kartlegge elevane sine kunnskapar i norsk?

### 4.2 Revisjonskriterier

Det skal vere system og rutinar som sikrar at skulen kartlegg kva for dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring.

### 4.3 Faktagrunnlag

#### 4.3.1 Vedtak om særskild norskopplæring

Kommunalsjef opplyste at rektorane kallar inn foreldra og barna og hentar inn informasjon om dei som blir fylt ut på eige skjema. Dette er med på å kartleggje kor dei kjem ifrå, namn,

bakgrunn til familien, kvifor dei er komne til kommunen og kor lenge dei tenkjer å vere i kommunen.

Rektoranane på Ringstad skule og Sunnylven skule opplyste at dei gjer vedtak om særskild språkopplæring for dei elevane som har behov for det. Skulane har ikkje eigne retningslinjer eller prosedyrar for korleis dei skal gjere dette arbeidet. Men i Compilo ligg det link til Utdanningsdirektoratet sine sider som viser framgangsmåte generelt ved saksbehandling når ein fattar eit enkeltvedtak. I Compilo ligg også Mottaksskjema (vedlegg 2), som dei fyller ut ved første samtale og mottak av ein minoritetsspråkleg elev. Dette fyller dei ut saman med foreldra.

Rektor på Ringstad skule opplyste at skulen har etablert rutine på å fylle ut mottaksskjemaet på mottaksmøte. Når dei nye minoritetsspråklege elevane kjem og ikkje kan noko norsk, så ser dei ut ifrå opplysningane at dei må ha særskild norskopplæring. I så fall ordnar rektor det slik at dei får det på skulen i ei av dei tre gruppene med norskopplæring med eigen lærar som tek seg av dette. Elevane får da 3 timer i veka i gruppe med fleire medelevar frå ulike trinn som er på ulike nivå. Skulen nyttar telefontolk på mottaksmøta med foreldre og elev, om dei ikkje kan engelsk.

Ringstad skule har 70 minoritetsspråklege elevar. Dei fleste kjem frå Bulgaria, Tyskland, Polen og Litauen, men det er også flyktingar frå andre land. Totalt 15 av desse får særskilt opplæring i norsk.

Rektor og lærarar på Ringstad skule har eit ynskje om at kommunen skal utarbeide eit betre apparat til å ta imot dei minoritetsspråklege barna når dei kjem til kommunen. Dei meiner det er gode idear til dette ved å sjå på andre kommunar som allereie har etablert dette. Nokre tilsette i kommunen, blant anna rektor ved Ringstad skule og kommunalsjef på oppvekst, begynte arbeidet med å etablere ei nemnd som skulle utgreie dette med kva for behov det er for dei minoritetsspråklege barna. Dei planla å trykke opp informasjonshefter på fleire språk. Dette arbeidet har stoppa opp. Ringstad skule er ein stor skule, men har etter rektor si vurdering for få tilsette i administrasjonen til å kunne gjøre dette arbeidet åleine, slik at dei ynskjer hjelpe frå kommunen til å strukturere arbeidet. Det kjem mange familiar til kommunen, og som tek direkte kontakt med skulen. Det fører til at skulen blir første instans og må rettleie familien i korleis dei skal gå fram med ulike praktiske ting, som ny i kommunen. Det er stor arbeidsinnvandring til Stranda og mange familiar kjem hit spesielt frå Aust-Europa, for å få arbeid. Skulen ynskjer seg eit mottakskontor som kan ta seg av dei framandspråklege familiene, der også skule og barnehage er representerte. Dei tilsette på skulen saknar eit sterkare initiativ frå kommunen til å få etablert eit slikt mottakskontor.

Sunnylven skule har ikkje hatt minoritetsspråklege elevar på fleire år, og har ikkje eigne retningslinjer for dette. Då ny minoritetsspråkleg elev kom førre sommar, hadde ikkje skulen noko rutine på korleis dei skulle handtere dette. Rektor kontakta då kommunalsjef på oppvekst og fekk råd om å gå inn på Utdanningsdirektoratet sine nettsider for å finne løysing på korleis dei skulle gå fram. Rektor hente også fram mottaksskjemaet frå Compilo, som dei er einige om å bruke ved slike tilfelle.

## 4.4 Vurdering

### 4.4.1 Vedtak om særskild norskopplæring

Dei to barneskulane i undersøkinga kartlegg kva dugleik dei minoritetsspråklege barna har i norsk, før dei gjer enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Begge skulane har valt å

organisere særskilt opplæringstilbod i norsk, i eigne grupper. Dette blir gjort for delar av den faglege opplæringa. Dette er i tråd med det lovverket seier på dette området (opplæringslova § 2-8, 5.ledd). Dei dokumenterer dette i eige Mottaksskjema som er utarbeida til dette formålet.

Kommunen har ikkje utarbeidd skrivne retningsliner for korleis skulane skal ta i mot nye minoritetsspråkleg elevar, eller på kva måte dei skal kartlegge språkkunnskapen deira.

Den eine skulen som har 70 minoritetsspråklege elevar opplever stor arbeidsmengde ved mottak av dei minoritetsspråklege elevane. Skulen opplever at dei er første instans og må rettleie familien i korleis dei skal gå fram med ulike praktiske ting, som ny i kommunen.

Kommunerevisjonen vurderer det slik at det hadde letta arbeidet til denne skulen om dei hadde klare retningsliner for arbeidet med mottak og at kommunen vurderte ei form for avlastning for skulen, slik at den kan få meir tid til sine kjerneoppgåver.

## 5. Morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring

Elevar i grunnskulen kan ha rett til særskild språkopplæring i morsmålet og/eller tospråkleg opplæring, om nødvendig jf. Opplæringslova § 2-8, 2. ledd

Individuell kartlegging av ferdighetene i norsk er viktig for å kunne gje ei tilpassa opplæring. Skulen må finne ut om elevane kan lese og skrive på sitt eiga morsmål eller på eit anna språk. I tillegg skal norskferdighetene kartleggast, og for eldre elevar bør ein i tillegg kartlegge skulefaglege ferdigheter. Om ein elev ikkje kan lese og skrive, vil eleven ha behov for grunnleggande lese- og skriveopplæring. Kartlegging på morsmålet bør gjennomførast ev ein tospråkleg lærar eller ved hjelp av tolk (*Udir.no – rettleiar frå Utdanningsdirektoratet om Innføringstilbud til nyankomne minoritetsspråklege elevar, s.9*).

Kartlegging av språkkompetansen til elevane skal gjentakast undervegs i opplæringa. Kartlegging av språket og vurdering kan vere eit komplisert fagområde, og det er viktig å bruke eit kartleggingsverktøy som er tilpassa og utarbeidd for den aktuelle elevgruppa. Utdanningsdirektoratet har laga eit verktøy som kallast «Kartleggingsmateriell - Språkkompetanse i norsk», som kan nyttast for dette formålet. Om skulen brukar andre former for kartlegging, eller lar elevane delta i ordinære kartleggingsprøver i lesing, må skulen vere bevisste på feilkjeldene, sidan desse er laga for andre grupper av elevar. Materiellet består av tre hovuddeler. Den første delen skal eleven skrive ned sin vurdering av eigen språkkompetanse. Den andre delen skal angje ulike kompetansemål frå lærarplanen og skal vise eleven sitt nivå i språket. Den tredje delen skal samle munnlege og skriftlege arbeider som dokumenterer eleven sine kunnskapar i det norske språket og om den norske kulturen (*udir.no, kartleggingsmateriell, språkkompetanse i grunnleggande norsk s. 5*)

### 5.1 Problemstilling

Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for elever med rett til særskilt norskopplæring?

### 5.2 Revisjonskriterier

Det skal vere system og rutinar som sikrar at elevar med rett til særskilt norskopplæring:

- blir kartlagt om dei treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring
- får norskferdighetene kartlagt jamleg

### 5.3 Faktagrunnlag

#### 5.3.1 Morsmålsopplæring og/eller tospråkleg opplæring

Rektorane på dei to skulane som har minoritetsspråklege barn opplyste at dei har ikkje hatt mange elevar som har hatt behov for eiga opplæring i morsmålet. Dette blir kartlagt under utfylling av mottaksskjema. I dag har Ringstad skule nokre flyktningar som dei meiner burde hatt morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring, men skulen har ikkje tilgang til lærar i aktuelt språk.

Skulen må også vurdere å balansere kor mykje dei kan vere utanfor klassen i eigen undervisning og kor mykje dei bør vere saman med klassen. Dei lærer mykje av å vere saman

med dei etnisk norske elevane i klassen. Det kan ta mange år for dei minoritetsspråklege elevane å lære seg norsk, slik at desse elevane vil trenge særskilt norskopplæring i alle åra på barneskulen og også alle skuleåra på ungdomsskulen og kanskje også i vidare skule. Det norske språket har mange ord som betyr ulike ting og dei har uttrykk og omgrep som det tek lang tid å lære seg. Skulen er pliktig å følgje opp dei elevane som heng etter.

Rektor opplyste vidare at dei ikkje har mottaksklasse i kommunen, slik at alle dei nye minoritetsspråklege elevane må være i den norsktalande klassen i nesten alle timane før dei kan norsk. Det er enklare for dei minoritetsspråklege elevane som kjem til kommunen i 1. og 2. klasse då det er mykje fokus på å lære språket og skrive orda rett. Dei kan heller ikkje plassere ein ny elev i 4. klassealder i 1. klasse. Då blir det vanskeleg for dei å få seg venner i klassen. Derfor blir nye minoritetsspråklege elevar plassert i det klassetrinnet som passer til alderen.

Ringstad skule, har ein lærar som er frå Litauen og skulen har mange elevar som er frå Litauen. Det gjer at om det er behov for eiga opplæring på det morsmålet eller tospråkleg opplæring, så har dei lærar som kan litauisk og norsk godt.

Utanom mottaksskjema, har ikkje skulane eigne retningsliner som seier noko om at dei elevane med rett til særskild norskopplæring skal få tilbod om morsmålsopplæring eller tospråkleg opplæring. Skulane kan ikkje tilby dei minoritetsspråklege elevane eiga morsmålsopplæring eller tospråkleg opplæring i alle dei morsmåla som er representert på skulane i kommunen.

Kommunalsjef opplyste at det er lite fråvær blant dei framandspråklege barna, og dei nasjonale prøvene i grunnskulen viser gode resultat. Dei nasjonale prøvene i 10. klasse viser at dei framandspråklege elevane ofte er like flinke som dei norske ungdomane. Dei framandspråklege ungdommane gjer det betre på skulen dess lenger dei har vore i kommunen. Det er lettare dess lenger erfaring dei har frå skulen og med norsk. Elevar i 14-15 års alder som ikkje kan norsk frå før strevar mest med å lære seg norsk, sidan dei kjem seinare i gang med å lære språket. Kommunalsjef seier at ho er klar over at Ringstad skule som er den største barneskulen i Stranda kommune, føler at dei har lav bemanning.

### 5.3.2 Får norskferdighetene kartlagd jamleg

#### Rutine og retningsliner for å kartlegge norskferdighetene

Rektor ved Ringstad skule opplyste at dei nyttar Utdanningsdirektoratet sitt kartleggingsverktøy for å kartlegge progresjonen til alle elevane frå 1. til 4. klasse. Dette er eit nasjonalt prosjekt som blir kalla «Tidleg innsats». Kartlegginga har fokus på lesing, skriving og matematikk. Det er eit krav i opplæringslova til at skulane skulle ha fokus på desse faga frå august 2018. Om resultata frå denne kartlegginga er dårlig setter skulen in tiltak for dei elevane som heng etter i utviklinga i høve til ferdighet og klassetrinn. Det blir oppdaga om minoritetsspråklege elevar blir hengande etter, og då må dei få enda betre oppfølging.

Lærarane på Ringstad skule opplyste at det er ulik praksis på når kartlegging av norskferdighetene blir gjennomført, sidan dei ikkje har skrivne retningsliner for når dette bør gjerast. Lærarane opplyste også at kartlegginga ikkje alltid blir dokumentert, og at dei heller ikkje har skrivne retningsliner på at dette skal dokumenterast.

Rektor opplyste at vedkomande lærar som har ansvar for norskopplæringa til dei minoritetsspråklege elevane, har utvikla rutine på å tilpasse undervisninga til kvar enkelt. Læraren kopierer opp eige, tilpassa materiell til kvar enkelt av dei 15 minoritets- språklege elevane som får særskilt opplæring i norsk.

Lærar lager oppgåvehefte/kartleggingsprøve til kvar enkelt av elevane ved starten av skuleåret.

Resultata noterer lærar i eigne notat. Læraren samtaler med kontaktlærarane til desse elevane med jamne mellomrom, og der lærar deler sine observasjonar og meininger om språkutviklinga til elevane. Kontaktlærarar vidareformidlar si vurdering til foreldre/føresette. Skriftlege arbeid blir sendt heim etter dei har avslutta tema på skulen. Lærar bruker kartleggingsverktøy frå Utdanningsdirektoratet. Lærarar opplyste at det er så mange fleirspråklege elevar på Ringstad skule, og at det difor burde opprettast eiga innføringsgruppe/klasse. Dei meiner at manglande særskilt språkopplæring kan føre til auke i spesialundervisning på høgare klassetrinn.

Rektor ved Sunnylven skule opplyste at dei bruker Utdanningsdirektoratet sitt kartleggingsverktøy til å kartlegge utviklinga til alle elevane frå 1. klasse og opp til 4. klasse. Dette er ei av dei faste rutinane på våren( mars/april). Kvar haust har dei rutinar for å nytte Carlsten-testen som kartlegg lesefart, leseforståing og rettskriving. Dette er ein screening-test som dei nytta for å gje rask oversikt og er tilpassa kvart klassetrinn. Om det er elevar som heng etter i progresjon må dei sette inn tiltak. Dei nytta språk 6-16 til vidare kartlegging. PPT vert nytta til samtaler og drøftingar før eventuell tilvising og vidare kartlegging av dei elevane som har vanskar. Dei er veldig nøgde med samarbeidet med PPT- kontoret. Enten får dei hjelp frå PPT eller så finn dei løysing på skulen saman med føresette.

Rektor opplyste at skulen ikkje har retningsliner for at norskferdighetene til dei minoritets-språklege elevane skal kartleggjast jamleg, men dei nytta utdrag av rettleiarane frå Utdanningsdirektoratet sine sider på internett.

#### *Retningsline for vurderingspraksis*

Kommunen har utarbeidd retningsliner for vurderingspraksis på skulane i Stranda.

Desse seier at :

- Halvårsplanar i alle fag skal vere klare ved skulestart og til 2. termin. Planane skal bli gjort kjent for elevar og foreldre.
- Halvårsplanane skal danne grunnlag for halvårsvurderingane.
- Halvårsplanen skal innehalde læringsmåla for elevane jfr §3.1  
*"Det skal vere kjent for eleven kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse"*
- Halvårsplanane dannar grunnlag for arbeidsplanar/vekeplanar elevane får. Desse planane skal innehalde læringsmåla for den aktuelle perioden. Desse læringsmåla skal gjennomgåast av faglærar.
- Gjennom prøver og anna arbeid, både skriftleg og munnleg, skal elevane vise i kva grad dei oppfyller dei læringsmåla.
- Det skal gjennomførast elevsamtales/fagsamtale minst ein gong kvart halvår med elevane. Denne samtalen kan leggast til foreldresamtalen.
- Foreldre/føresette skal kallast inn til samtale minst to gongar i året.  
*"Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg, og eleven sin kompetanse i faga"*
- Dei av skulane som ikkje fast gjev skriftleg vurdering til heimen, pliktar å opplyse foreldra om retten til å få vurderinga skriftleg.  
*"Når skolen eller heimen meiner det er formålstenleg, kan skriftleg melding nyttast i tillegg"*

## 5.4 Vurderingar

### 5.4.1 Morsmålsopplæring og/eller tospråkleg opplæring

Kommunen har ikkje utarbeidd eigne retningsliner med krav til at skulen skal kartlegge om dei treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg opplæring.

Skulane har rutine på å kartlegge om dei minoritetsspråklege elevane treng opplæring i morsmålet og/eller tospråkleg fagopplæring, når dei fyller ut «Mottaksskjema» under mottakssamtalen.

Skulane kan ikkje gje opplæring i alle dei mange ulike morsmåla som det kunne vore behov for meir opplæring i. Det er heller ingen skular i nærleiken som kan gje morsmålsopplæring eller tospråkleg opplæring i dei språka. Men skulane i Stranda kommune innfrir krava til lovverket (opplæringslova § 2-8. 3.ledd), som seier at: »*når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonalet, skal kommunen så langt som mogleg leggje til rette for anna opplæring som er tilpassa føresetnadene til elevane.*»

Kommunerevisjonen vurderer det slik at dei to lærarane som har ansvar for særskilt språkopplæring i norsk strekker seg langt for å tilpasse, følgje opp og legge til rette for kvar enkelt av dei minoritetsspråklege elevane i desse gruppene.

Det er lite fråvær blant dei framandspråklege barna og dei nasjonale prøvene i grunnskulen viser gode resultat. Dei nasjonale prøvene viser at dei minoritetsspråklege elevane gjer det betre dess lenger dei har vore i kommunen. På ungdomsskulenivå er det like stor variasjon i resultata som hos dei norske barna. Dette kan vise at måten skulen jobbar på er rett med tanke på at desse elevane lærar seg norsk med den måten skulen har organisert opplæringa på, sjølv om dei ikkje har eiga opplæring i dei ulike morsmåla.

### 5.4.2 Får norskferdigkeitene kartlagd jamleg

#### Rutine og retningsliner for å kartlegge norskferdigkeitene

Dei to skulane har etablert rutine på å kartleggje norskferdigkeitene til alle elevar i lesing og skriving i norsk frå 1. til 4. klasse.

Skulane har rutine på å jamleg kartleggje norskferdigkeitene til dei minoritetsspråklege elevane som har fått enkeltvedtak på særskild norskopplæring.

Den eine skulen har utarbeida ei skriftleg plan på vurderings arbeidet. Vurderingane blir skrivne, dokumentert og lagra. Elevar og foreldre får formidla desse vurderingane med jamne mellomrom.

Den andre skulen har, ifølge lærarane ikkje, skrivne retningsliner for at norskferdigkeitene til dei minoritetsspråklege elevane skal kartleggjast jamleg. Derfor har lærarane ulik praksis på når og kor ofte dei gjennomfører vurderingane.

Kommunen har utarbeidd retningsliner for vurderingspraksis, som er til alle skulane i Stranda kommune. Den seier tydeleg at det skal gjennomførast vurderingar kvart halvår.

Kommunerevisjonen vurderer det slik at begge skulane oppfyller kravet til å kartlegge norskferdigkeitene jamleg, men at lærarane på den eine skulen ikkje ser ut til å vere informert om retningslinene for vurderingspraksis som er utarbeidd av kommunen.

## 6. Konklusjonar og tilrådingar

**Problemstilling 1:** Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å sikre at det blir ein god overgang mellom barnehage og skule for minoritetsspråklege barn?

Språkutviklinga til barna under skulepliktig alder, blir vurdert på helsestasjonen av helsesjukepleiar og i barnehagane av barnehagepedagog. Vurderingane blir dokumentert og lagra. Helsestasjonen og barnehagane har ikkje utarbeidd eigne retningslinjer som seier at dei skal gjennomføre vurderingar av språkutviklinga til dei minoritetsspråklege barna. Barnehagen har ikkje eigne retningslinjer som seier at vurderingane skal gjerast av barnehagepedagog. Kommunerevisjonen rår til at det blir vurdert å utarbeide eigne retningslinjer for å kvalitetssikre at arbeidet blir gjennomført, og sikre at alle dei minoritetsspråklege barna blir følgt opp jamleg.

Minoritetsspråklege barn under opplæringspliktig alder som har språkvanskars, får spesialpedagogisk hjelp i kommunen om det er behov for det. Barnehagane har eigne retningslinjer. Kommunen har retningslinjer på arbeidet omkring dette tema ved retningslinjer for Betre Tverrfagleg Innsats, BTI, som inkludere helsestasjonen, PPT, barnevern, lege og barnehagane. Helsestasjonen kommuniserer med barnehagen om dei oppdagar at eit barn har språkvanskars og kanskje har behov for spesialpedagogisk hjelp, men dei har ikkje eigne retningslinjer for korleis dei skal gå fram i slike tilfelle.

Kommunen har utarbeidd retningslinjer «Den gode skulestart», som skal sikre at barnehagane samarbeider med barneskulen om barna sin overgang frå barnehage til skule. Barnehagane og skulane følgjer desse retningslinene og har gode rutinar på dette arbeidet med den hensikt at barna skal få ein trygg og god overgang. Dei private barnehagane ønsker enda betre samarbeid med Ringstad skule om overføring av informasjon om kvart barn til skulen.

### Tilrådingar: Overgang frå barnehage til skule

- Kommunen bør vurdere å utarbeide rutinar som kvalitetssikrar at Forskrift om Rammeplan for barnehagen blir følgd.
- Helsestasjonen bør vurdere å utarbeide eigne retningslinjer for vurdering av språkutvikling til dei minoritetsspråklege barna, og om praktisk handtering vidare ved oppdaging av barn med behov for spesialpedagogisk hjelp.
- Kommunen bør vurdere å få til eit møte mellom dei private barnehagane og Ringstad skule for å få til eit enda betre samarbeid om overgang frå barnehage til skulen.

**Problemstilling 2 :** Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å kartlegge elevane sine kunnskapar i norsk, før vedtak om særskild språkopplæring?

Dei to barneskulane i undersøkinga kartlegg kva dugleik dei minoritetsspråklege barna har i norsk, før dei gjer enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Kommunen har ikkje utarbeidd skrivne retningslinjer for korleis skulane skal ta i mot ein ny minoritetsspråkleg elev eller på kva måte dei skal kartlegge språkkunnskapen deira.

Ringstad skule som har 70 minoritetsspråklege elevar opplever stor arbeidsmengde ved mottak av dei minoritetsspråklege elevane og deira familiarar.

### **Tilrådingar:** Behov for særskilt norskopplæring

- Kommunen bør vurdere å utarbeide retningsliner for korleis skulane skal ta i mot nye minoritetsspråklege elevar, og på kva måte dei skal kartlegge språkkunnskapen til desse.
- Kommunen bør eventuelt vurdere ei form for avlastning for Ringstad skule som opplever at dei er første instans for mange minoritetsspråklege familiar som kjem til kommunen.

### **Problemstilling 3:** Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for elever med rett til særskilt norskopplæring for å kartleggje om elevane treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring?

Skulane kan ikkje gje opplæring i alle dei mange ulike morsmåla som det kunne vore behov for meir opplæring i, men dei legg til rette for anna opplæring som er tilpassa føresetnadene til elevane.

Kommunen har ikkje utarbeidd retningsliner som seier at skulane skal kartleggje om elevane treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Det er heller ikkje retningsliner som seier korleis skulane skal organisere opplæringa om dei ikkje kan gje opplæring i dei ulike morsmåla og/eller tospråkleg fagopplæring.

Begge skulane har rutine for å kartleggje norskferdigitetene til dei minoritetsspråklege elevane kvart halvår, noko som er jamleg.

Kommunen har utarbeidd felles retningsliner for skulane om vurderingspraksis. Det kan sjå ut som at lærarane på den eine skulen ikkje kjenner godt nok til desse retningslinene.

### **Tilrådingar: Morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring**

- Kommunen bør vurdere å utarbeide retningsliner som seier at skulane skal kartleggje om elevane treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring og undersøkje moglegheitene for å kunne gje slik opplæring
- Kommunen bør vurdere å utarbeide retningsliner som seier korleis skulane skal organisere opplæringa om dei ikkje kan gje opplæring i dei ulike morsmåla

## 7. Kjelder

helsedirektoratet.no. Helsedirektoratet sin nasjonale faglege retningsliner for undersøkelse av syn, hørsel og språk hos barn s. 36. Sosial- og helsedirektoratet. Lest: 13.02.2019.

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/256/Nasjonal-faglig-retningslinje-for-undersokelse-av-syn-horse-sprak-hos-barn-IS-1235.pdf>

Helsedirektoratet.no - nasjonale faglege retningsliner for undersøking av syn, hørsel og språk av barn (2006), s. 37). Lest: 13.02.2019.

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/256/Nasjonal-faglig-retningslinje-for-undersokelse-av-syn-horse-sprak-hos-barn-IS-1235.pdf>

Helsedirektoratet.no – nasjonale faglege retningsliner for undersøking av syn, hørsel og språk av barn, 2006. s.37). Om SATS 2 og SPRÅK 4. Lest 28.02.2019.

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/256/Nasjonal-faglig-retningslinje-for-undersokelse-av-syn-horse-sprak-hos-barn-IS-1235.pdf>

Helsedirektoratet.no – Nasjonale faglige retningslinjer for undersøkelse av syn, hørsel og språk hos barn. Kap. 4.6.1. Bruk av SATS og SPRÅK 4 i forhold til minoritetsspråklege barn, s. 37 og 38).

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/256/Nasjonal-faglig-retningslinje-for-undersokelse-av-syn-horse-sprak-hos-barn-IS-1235.pdf>

(Helsedirektoratet.no - Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelseteneste og helsestasjon for ungdom – Helsestasjon programmet 0-5 år).

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skolehelsetjenesten>

regjeringen.no. - St. meld. Nr. 41, 2008-2009. Kvalitet i barnehagen, s.67). Lest: 21.02.2019

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-41-2008-2009-/id563868/sec1>

regjeringen.no. st. meld. Nr. 41 (2008-2009)om kvalitet i barnehagen kap. 10, 10.1 og 10.2). Om samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule. Lest: 21.02.2019.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-41-2008-2009-/id563868/sec1>

regjeringen.no – (helsesøster blir helsepsykepleier). Lest: 30.04.2019.

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/helsesoster-blir-helsepsykepleier/id2610855/>

regjeringen.no – Kunnskapsdepartementet, veileiar frå eldst til yngst, 2008 s. 16, 17. Trygg på skulen - Om overgang til skulen. Lest: 22.02.2019.

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/veileder/f-4248-fra-eldst-til-yngst.pdf>

Utdanningsdirektoratet sin veileiar «Språk i barnehagen». Mye meir enn berre prat.

[https://www.udir.no/globalassets/upload/barnehage/pedagogikk/veiledere/sprakveileder/udir\\_sprakveilederdigital.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/barnehage/pedagogikk/veiledere/sprakveileder/udir_sprakveilederdigital.pdf)

udir.no. Utdanningsdirektoratet sitt «Kartleggingsmateriell, Språkkompetanse i grunnleggande norsk» 2007 side 5, til bruk i skulen. Lest: 13.02.2019.

[https://www.udir.no/globalassets/upload/kartleggingsprover/udir\\_kartleggingsmateriell\\_bm\\_301007.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/kartleggingsprover/udir_kartleggingsmateriell_bm_301007.pdf)

Udir.no – Veileiar frå Utdanningsdirektoratet om Innføringsstilbud til nyankomne minoritetsspråklege elevar. s.8. Rett til særskild språkopplæring. Lest 28.02.2019.

[https://www.udir.no/globalassets/upload/lov\\_regelverk/veiledere/veileder\\_innforingstilbud\\_020712.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/lov_regelverk/veiledere/veileder_innforingstilbud_020712.pdf)

Udir.no – Veileiar frå Utdanningsdirektoratet om Innføringsstilbud til nyankomne minoritetsspråklege elevar. s.8 og 9. Kartlegging før enkeltvedtak. Lest 28.02.2019.

[https://www.udir.no/globalassets/upload/lov\\_regelverk/veiledere/veileder\\_innforingstilbud\\_020712.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/lov_regelverk/veiledere/veileder_innforingstilbud_020712.pdf)

utdanningsforskning.no. Artikkel frå Utdanningsforbundet utgitt i utdanningsforskning.no om begripa minoritetsspråklege og framandspråklege barn. Skrevet av spesialpedagog Hilde Hofslundsengen 2011. Lest: 15.02.2019.

<https://utdanningsforskning.no/artikler/minoritetsspraklige-elever-i-skolen/>

## 8. Vedlegg

### Vedlegg nr.1 – Årshjul

Stranda, 03.05.2019

#### ÅRSHJUL OVERGANG BARNEHAGE SKULE

TIDSPUNKT	TILTAK	ANSVAR/INSTANS
AUGUST	Samordningsmøte mellom barnehagane, skulen og PPT knytt til barn med spesielle behov og planlegging av tiltak og økonomiske behov.(Året før barnet skal ta til på skulen) Deltakrar: Rektorar, PPT og barnehagestyrarar.	Kommunalsjef
AUGUST	Tverrfagleg møte om 1. klassingar med spesialpedagogiske behov. (Dei som akkurat har starta på skulen.) Deltakrar: Rektor, klassekontakt, foresette evt andre som bør delta.	SKULE
AUGUST	Foreldremøte og klasseforeldremøte. Informere om undervisningsopplegg, ordensreglement, gjensidige forventningar, klassemiljøet etc.	SKULE
SEPTEMBER	Møte mellom tilsette (1. klasselærarar) i skulen og barnehagane (pedagogane i barnehage) for gjensidig å utveksle informasjon om arbeidsformer og forventningar til 6-åringene. Ikke individnivå, men erfaringar med året som har gått og justeringar for året som kjem.	SKULE
SEPTEMBER	Foreldresamtale der informasjonsskjemaet, utfylt i barnehagen eller hos helsesøster, vert gjennomgått.	SKULE/LÆRAR
SEPTEMBER/OKTOBER	Invitere 1.klasse tilbake i barnehagen	BARNEHAGEN/PED.LEIAR
SEPTEMBER/OKTOBER	Pedleiarar på besøk på skulen i 1. klasse	SKULE
NOVEMBER	Foreldresamtale forskulebarn innan 1. desember. Del ut skjema temaliste for skulestart. ( Compilo).	BARNEHAGEN/PED.LEIAR
NOVEMBER	Fastsette dato og arrangør for 4 forskuletreff gjennom året. Arrangør sender også invitasjon til Helsestasjonen.	STYRARMØTE
JANUAR	Synleggjere arbeidet med overgangen til skulen i barnehagen sitt planarbeid. Konkretisere Rammeplanen sine krav om basiskompetanse (forskuleplan for 6 åringane)	BARNEHAGEN/PED.LEIAR
MARS	Informasjonsmøte for foreldre med nye skulestartarar.	SKULE/REKTOR
MAI	Kalle inn til overføringsmøte mellom barnehage, skule og PPT for dei som har sakkyndige vurderingar.	KOMMUNALSJEF

	Sakkyndig vurderingar, vedrørande skulestartarar som er utreda av PPT, skal sendast til skulane. (Grunnlag for møte i AUGUST om økonomi)	<b>OPPVEKST</b>
<b>MAI</b>	Foreldresamtale før skulestart: Skjema: Overføring av informasjon barnehage – skule. Samtykke frå foreldre (Compilo). Vurdere i samråd med foreldre evt spesiell tilrettelegging / informasjon ved skulestart.	<b>BARNEHAGEN/ PED.LEIAR</b>
<b>MAI</b>	Sende ut klasselister med namn på lærar for 1.klasse (siste veka i mai/før første skuledagen i juni).	<b>SKULE/REKTOR</b>
<b>JUNI</b>	«Første skuledag» for nye skulestartarar.	<b>SKULE/REKTOR</b>
<b>JUNI</b>	Lærarar på besøk i barnehagane etter innskriving.	<b>SKULE/REKTOR</b>
<b>JUNI</b>	Møte mellom tilsette i skulen og barnehagane for overføring av informasjon jfr skjema	<b>BARNEHAGEN/ STYRAR</b>

Alle skjema og skriv om overgang barnehage-skule ligg i Compilo

Bruk søkefelt og skriv: overgang barnehage skule

<b>HEILE ÅRET</b>	Forankring av samarbeid i overgangar mellom barnehage og skule. Ansvar for oppdatering av skjema for overgang barnehage- skule i Compilo.	<b>KOMMUNALSJEF OPPVEKST</b>
-------------------	--	----------------------------------

## MOTTAKSSAMTALE

Elever med anna språkbakgrunn enn norsk i grunnskulen

Samtalen gjennomføres med elev, foresatte, kontaktlærer og evt. en fra skoleledelsen.  
Husk tolk v. behov!

### **Basisopplysningar om eleven:**

Etternavn:				Fødselsdato:	
Fornavn:				Fødeland:	
Jente:		Gut:		Morsmål:	
Adresse:				Statsborgarskap:	
Postnr:		Poststad:			
Telefon:					
Ankomstdato til Norge:					
Skulestart i Norge (når/skule/klassetrinn):					

### **Familie:**

Mor:		Morsmål
Skulegang/yrke fra heimlandet:		
arbeidsstad/skule i Norge:		
Tel.:		

Far:	Morsmål:
Skulegang/yrke fra heimlandet:	
Arbeidsstad/skule i Norge:	
Tlf.:	
Sysken:	
	Fødd:

### Språk:

(Eigenvurdering/foreldras vurdering)

1. språk (morsmål): (NB! Er morsmålet eit skriftspråk?)			
	FLYTANDE	GODT	LITT/INGenting
MUNNLEG			
SKRIFTLEG			
LESE			

2. språk:			
	FLYTANDE	GODT	LITT/INGENTING
MUNNLEG			
SKRIFTLEG			
LESE			

3. språk (eventuelt):  (NB! Er morsmålet et skriftspråk?)			
	FLYTANDE	GODT	LITT/INGENTING
MUNNLEG			
SKRIFTLEG			
LESE			
Kva språk kommuniserer familien på heime?(kan vere fleire)			

**Skulegang:**

**Skolegang i heimlandet:**

Antall år på skule i heimlandet:	
Eleven sin alder ved skulestart:	
Kva fag har du fått undervisning i?	
Foregikk undervisninga på ditt morsmål?	
Har du fått lese- og skriveopplæring i/på morsmål?	
Lærte du, og brukte du, det latinske alfabetet på skulen?	
Kva fag synes du er det vanskeleg?	
Om du har gått på skule i eit anna land enn Norge; fortel litt om skulen du har gått på (offentleg/privat skule, kor mange timer pr. dag, undervisningsspråk, etc.)	

**Skolegang i Norge:**

Har du gått på skule i Norge? Lenge?/Kva klassetrinn?	
Har du fått særskilt norskundervisning (jfr. Opplæringslova §2.8)?	
Kva andre fag har du fått	

undervisning i?	
Kva gler du deg til i forhold til å begynne på skulen/på ny skule?	
Er det noko du gruer deg til i forhold til å begynne på skulen/på ny skule?	
Er det noko i din kultur/religion som du vil skulen skal vite om? (f.eks. i forhold til mat, høgtider etc.)	

**Helse:**

Har du noen helseproblemer som skulen bør vite om? (spesielt viktig er syn og høyrsel)	
Er det andre opplysningar skulen bør kjenne til? (I forhold til lese-, og skrive- og talevansker, eller annet)	

**Etter skoletid:**

Hva liker du å gjøre (interesser og hobbyer)?	
---	--

Til stede på samtalen:	
---------------------------	--

Dato/sted:		Lærer som har gjennomført samtalen:	
------------	--	---	--



KOMREV3 IKS er eit interkommunalt revisjonsselskap, etablert 01.01.1994. Selskapet har ansvar for revisjon av kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet leverer tenester som finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgjeving. Det blir rapportert til den enkelte kommune sitt kontrollutval og kommunestyre/bystyre.

Hovudkontor for selskapet er Lerstadvegen 545 i Ålesund kommune.

KOMREV3 IKS  
Postboks 7734 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND  
Tlf. 70172150 – E-post: [komrev3@komrev3.no](mailto:komrev3@komrev3.no)